

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FA-U01  
**JournalpostID:**  
**Saksbehandlar:**  
**Dato:** 04.11.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
099/20	Utval for næringsutvikling og drift	11.11.2020

**Søknad til Næringsfondet. Covid19-fond 2020. - Motitech AS - Omstilling grunna COVID19 Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Prosjektet «Omstilling grunnet COVID 19» blir tildelt kr 200 000 frå Covid19-fondet 2020 etter vilkår i saksframlegget.

**Utval for næringsutvikling og drift 11.11.2020:**

**Behandling:**

Utvalseiar Stian Lavk (KRF) rekna seg seg sjølv som inhabil i denne saka og ba utvalet om å vurdere dette, ettersom han er i leinga av Motitech AS.

Nestleiar Mabel Johansen (H) overtok møteleiinga.

Utvalet erklærte Lavik inhabil og han deltok ikkje i handsaminga av saka. Else Marie Skartveit Dale (KRF) kom inn som vara for Lavik i denne saka.

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**ND- 099/20 Vedtak:**

Prosjektet «Omstilling grunnet COVID 19» blir tildelt kr 200 000 frå Covid19-fondet 2020 etter vilkår i saksframlegget.

**Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

**Bakgrunn**

Føretaket er eit aksjeselskap. Etablert 01.10.2013. Adresse Øvre Sagstad, Frekhaug. Dagleg leiar: Jon Ingar Kjenes. Bransje: Programmeringstenester. Kjelde: proff.no.

**Saksopplysningar:**

Søknadsdokumenta har omfattande innhald og det vert vist til vedlegget til søknaden. Her er gjort forsøk på å ta ut viktige stikkord.

Om prosjektet

Søkjar opplyser at «Motiview» er eit motivasjonsverktøy som stimulerer eldre og personar med demens til auka fysisk og kognitiv aktivitet. Tiltak som bidrar til auka livskvalitet for eldre. Covid19 har sett føretaket i ein vanskeleg situasjon. Dei har permittert omlag 50% årsverk i første omgang. Smittevern knytt til sluttbrukarane (syklistane) gjorde at salsprosessen tok meir tid. Covid19 har ført til auka konkurranse Selskapet har redusere staben med 3,2 årsverk, i andre omgang. Søkjar har etablert ein «kontantnøytral» strategi for å møte utfordringane og sett i gang omfattande omstillingstiltak.

### Prosjektleveranse/Målsetting

Selskapet vil marknadsføre seg gjennom webinar utan at dei må inn på institusjon.

Ein ynskjer å auke filmbiblioteket for å styrke abonnementsavtalane. Dei vil auke opp ein 50% permittert stilling i brum av CRM-system. Ein hjelper kommunar å søkje om brukar-midlar til «syklistane». Trass i Covid19 vil ein gjennomføre «VM i sykling 2020» for eldre. Vidareutvikling av «Motiview 2.0» og utvikling av marknadskommunikasjon/ merkevarestrategi vil styrke posisjonen i den auka konkurransen.

Selskapet ber spesielt om at det omsøkte budsjettet blir følgt opp frå kommunen si side.

Ei redusert tildeling vil gje prosjektet ei vanskelegare gjennomføringsevne.

### Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Omstilling grunnet COVID 19	3.372.783	1.505.000	200.000

### Vurdering

Selskapet fekk tildelt kr. 500.000,- til prosjektet «Omstilling og realisering av internasjonalt vekstpotensial» frå næringsfondet den 29.04.2020.

Nokre av prosjektmåla i det omsøkte prosjektet har likskap med nokre av prosjektmåla i pågåande prosjekt.

Søkjjar har i eige brev til kommunen av 23.10.2020 opplyst at «det vil være forholdsvis greitt å sortere i hva som er hva» i sluttrapporteringa.

Vurderinga tar utgangspunkt i vilkåra for Covid19-fondet.

- Søknaden viser til svikt i omsetning under koronapandemien jf. vilkår for C19-fondet
- Prosjektet styrkjar aktivitet/sysselsetting og verdiskaping i Alver. (Forskr§2a)
- Prosjektet inneheld tiltak som motverkar negative C19-verknader (Forskr§2b).
  
- Prosjektet kan kome raskt i gang (Forskr§2c).
- Prosjektet har islag av ordinær drift og parallell utvikling i anna prosjekt som har fått støtte 2020.

Etter ei samla vurdering ligg ein større del av det omsøkte prosjektet innanfor Covi19-fondet sine kriteriar.

Søknaden bør innvilgast.

Rapportering skal skje i samsvar med Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar nr.747.

Det vil vere opp til søkjjar å vurdere gjennomføring av prosjektet på grunnlag av dei midla som blir tildelt.

Vedlegg 1\_Søknad

Vedlegg 2\_2 Søknadsvedlegg

### **Vedlegg i saken:**

04.11.2020	Motitech_Søknad 2020 Covid19_22sep2020	1469019
04.11.2020	Motitech_Søknad 2020 Covid19_Vedlegg1 Brev_23okt 2020	1469020
04.11.2020	Motitech_Søknad 2020 Covid19_Vedlegg2 Omst_22sep2020	1469021